

**Godt førehandssal på Fanden**

26.08.2011

**Sjølvaste Vestlandsfanden skal i likheit med i fjor setta punktum  
for låvedans-sesongen på Dønhaug i morgen laurdag  
og verten er fornøgd med førehandssalet.**

**Til no (fredag ettermiddag)**  
**er det seld mellom 250 og 300 billettar og det bør vera grunn til  
å håpa på at det også i år vil koma rundt 400 i låven.  
Det fortinar både bandet og vi som skal oppleva dansen, for  
Fanden er i ei klasse for seg sjølv her vest**

- Det vil bli seld billettar i porten, men det er ein stor fordel om  
ein kjøpar på førehand, seier Huglen. Det forenklar operasjonen  
atskillig.

Vestlandsfanden er naturleg nok seig og uthaldande  
som figuren bandet er  
oppkalla etter. No har karane helde det gåande i utrulege 31 år  
og gjeve ut 14 CD-plater.

Deira særeigne, norskspråklege  
låtskrivartradisjon har slege an i alle aldersgrupper.  
No er det snart val og det blir spennande å notera om vi får  
nokon kommentarar på vers. Mastene i Hardanger vart kommentert  
i fjor, kan vi hugsa, Plommene var bytta ut med dei....

Men for berre å minna om det: Huglen har lov til å sleppa inn 450!..

Av Ola Matti Mathisen